

MASSEHANDTERINGSPLAN

EIDSVIK & SELSTAD EIGEDOM AS

Gnr/bnr 134/85



Omsøkt område BN 9 – del av BN 7 og 8

Handtering av massar:

Arealet som skal bearbeidast er på 7.960 m² og det skal sprengast ca. 51.000 m³

Prøvetaking viser god kvalitet på bergmassane og det er viktig at overskot av massane kan nyttast til andre samfunnsnyttige prosjekt i nærområdet.

Deler av massane vil bli knust på staden og nyttast til planering av området.

Overskotsmassar vil bli køyrt ut av området eller mellomlagra i påvente av prosjekt i nærområdet. Vi er kjent med at det er behov for skotstein til fylling i sjø til kaiprojektet til Kvinnherad kommune og eit anna tiltak i Grøn Næringspark på Husnes.

Det kjem til å verta knust overskotsmassar på staden, alt etter kva type massar prosjekta i nærområdet måtte ha behov for.

All knusing vil bli meldt på eige meldeskjema til Statsforvaltaren i Vestland og gjennomført ihht. Forureiningsforskriften kap. 30.

I forbindelse med anleggsarbeid/boring/knusing vil det bli utført støvnedfallsmålingar etter NS-4852, som ein har utført sidan november 2023 og fram til i dag. (fortsatt pågåande)

Rigg/opplasting vil skje inne på arealet som er under planering. Transport ut av området er med bil og henger.

Tidsplan:

På noverande tidspunkt kan vi ikkje gje ein forpliktande framdriftsplan for opparbeiding av omsøkt areal. Det vert overskotsmassar som må kunna nyttast i andre prosjekt enten som knuste massar eller som skotstein. Dette kan medføre at vi må mellomlagra overskotsmassar på våre areal som vist på vedlagte bilder. Så snart vi får avklaringar om lokale prosjekt som har behov for massar vil vi kunna oppdatere tidsplan, men pr i dag legg vi til grunn ca. 2-2,5 år.

Oppsummering:

I forbindelse med opparbeiding av BN8 har ein knust overskotsmassar på staden, og desse har vore nytta i lokale prosjekt på strekningen Uskedalen – Sandvoll.

- Brannstasjonstomta på Husnes
- Naust og boligtomter
- Seniorsenteret
- Husnes Brygge
- Lonabrotsvegen på Husnes
- Erslandsparken
- Skogsvegar i Uskedalen og Handelandsdalen
- Husnes nye barneskule
- Utviding av uteareal tidlegare Husnes Motor

Vi meiner at vår plan for håndtering av overskotsmassar er i tråd med **Bærekraftig massehandtering i plan**, og at den gjev god utnytting av mineralressursane på arealet som skal tilrettelegges for næringsområde.

.....
Iflg Bærekraftig massehandtering i plan (Statsforvaltaren i Vestland – 13 des 2022)

Utdrag:

«Nasjonal strategi for ein grøn ,sirkulærøkonomi» (16.06.2021)

«Ei meir ressurseffektiv handtering av overskotsmassar vil kunne redusere behovet for nytt mineralsk byggeråstoff, redusere behovet for areal til deponering av massar, betre logistikken og reduserer transport, klimagassutslepp og kostnadene ved mange infrastrukturprosjekt»

Uttak av byggeråstoff (pukk, grus, sand) til byggje og anleggsføremål med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp er viktig. God arealplanlegging kan medverke til det. I tillegg er det viktig å gjenvinnemineralske massar av god kvalitet som byggeråstoff, der det er mogleg.

.....



Knusing vil foregå på kote 8 og etterkvart nede på kote 3.
Deler av massane vil bli lagra på kote 3, når ein har fått planert deler av arealet.



Område for mellomlagring



Rigg/Lasting – Transport med bil og henger ut av området